



Kartverket Tinglysing
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

INNKOMMET
JOURNALNR: 11 204 827

12 APR 2017
STATENS KARTVERK

Referanser:
Dykker:
Vår: 17/875 - 17/7251

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

11.04.2017

Seksjonering GBNR 39/41 til tinglysing

Vedlagt ligg 2 stk melding til tinglysing, samt vedlegg.

På eigedommen er det garasje som skal vera felles mellom seksjonane. Det er ikkje kryssa av for tilleggsareal bygning fordi det då ville verta oppfatta som at det er lik brøk med seksjoneringa elles.

Det er difor skrive i vedtaket at garasjen deles med like delar mellom seksjonane og skrive på situasjonskartet at garasjen er felles.

Vedlagt ligg også 2 stk skjema for fordeling av sameiedeler ved seksjonering.

Det er i dag 3 eigarar som eig 1/3 kvar. Etter seksjonering skal 2 av desse eiga seksjon 1 som er 2/3 av sameiget og 1 av desse eiga seksjon 2 som er 1/3 av sameiget.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Hanne Thorvaldsen
Ådlandsvegen 615 B
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/875 - 17/7242

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
11.04.2017

Godkjenning oppdeling i eigarseksjonar GBNR 39/41

Administrativt vedtak. Saknr: 100/2017

Saksutgreiing:

Kommunen har motteke begjæring om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gnr. 39 bnr. 41 , Ådlandsvegen 615A, B i Meland kommune. Seksjoneringa gjeld eksisterande bustad over 2 etasjar med ferdig utbygd tilbygg som inneheld eiga bueining.

Kvar bueining har eigen ytre inngang og eiga offisielle gateadresse. Seksjonane er klart avgrensa mot kvarandre. Det er ikkje fellesareal i bustaden.

Garasjen på eigedommen er felleseige der begge seksjonane har lik andel.

Utearealet på eigedommen er fellesareal for seksjonane.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiget gnr 39 bnr 41 i Meland kommune.

Vurdering:

Begjæring om seksjonering er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsplan (som tydeleg viser eigedomsgrensene. Alt uteareal er felles. Vedlegg 1
- Planteikningar av bustadhuset der begge seksjonane er markert- begge plan. Vedlegg 2a,2b.
- Vedtekter for sameiget Gnr 39 bnr 41, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter. (skal ikkje tinglysast)

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar krava i lov om

eigarseksjonar.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner, i medhald av § 9 i Lov om eigarseksjonar, begjæring om oppdeling i 2 eigarseksjonar for sameiget gnr. 39 bnr 41 , på grunnlag av situasjonsplan, planteikningar og vedtekter.

Seksjonsnr. 1 - 2 er bustadseksjonar med sameigebrøk 2/3 på seksjon 1 og 1/3 på seksjon 2. Dei enkelte seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Garasjebygget på eigedommen er felles for dei 2 seksjonane med lik andel til kvar seksjon.

Utearealet på eigedommen er fellesareal for dei 2 seksjonane».

Gebyr:

Det er fastsett gebyr i medhald av §7 i eigarseksjonslova, femte ledd.
(3 x rettsgebyr 1 025 kr. = 3 075 kr, + tinglysing av seksjoneringa 525 kr.)
Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden vert ettersendt.

Klage:

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen ,jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Seksjonering 39_41